

Kyrkjetonar



Eit val utan valflesk



Han som hadde fått fem talentar, kom fram og hadde med seg fem til og sa: 'Herre, du gav meg fem talentar; sjå, eg har tent fem til.' Då sa herren til han: 'Bra, du gode og trugne tenar! Du har vore tru i lite, eg vil setja deg over mykje. Kom inn og gled deg i lag med herren din!'

Matteus 25, 20 - 21

Framsdebiletet:

Lavrans Knutsen vart døypt i Nedstrand kyrkje 20. august og mottok dåpslyset og dåpskluten frå kyrkjelyden. Du les meir om dåpsklutane i dette nummeret.

Kyrkjetonar

Utgivar: Sokneråda i Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn.

Fire nummer i året: mars, juni, september og desember

Redaktør: Ståle Hustoft,
Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand.
Mobiltelefon 900 26 142,
e-post: hustoft@hustoft.net

Redaksjon: Ingunn Grønnestad,
Ingrid Hustoft Landro, Edvin Gjerde,
Asbjørn Erdal

Post til redaksjonen kan også sendast:
Kyrkjekontoret, 5570 Aksdal, telefon:
52 75 77 00, telefaks: 52 75 77 10

Girokonto: 3240.07.61212.
Frivillig kontigent: kr. 150,-
Kasserar: Børge Løype,
5574 Skjold. Telefon 52 76 21 22
Grafisk utforming: Ståle Hustoft

Å skriva ein kommentar om årets stortingsval før valdagen, som skal lesast etter valdagen kan vera ein utfordring. Men sålangt har valkampen kun handla om meningsmålingar og kven som vil regjera med kvarandre. Det har ikkje vore behov i like stor grad som før vore rom for å overgå kvarandre med valflesk.

Medan politikarane i dei ulike utspørjingane gjer alt dei kan for å unngå å svar «Ja» eller «Nei», og heller vil svara utfyllande om kva dei, og dei andre partia, har gjort eller vil gjera. Sjølv om politikarane sjølv ikkje klarar å svara konkret på eit einaste spørsmål, så må veljarane gi si stemme til eit einaste parti. Utan høve til å ta atterhald eller skriva kommentarar om enkeltsaker. Det er ikkje rart at det av og til kan vera vanskeleg å velja.

Det er eit val som kan forandra livet meir enn noko stortingsval; valet om å ta Jesus med i livet. Anten ein tek eit val som varer livet ut, eller ein må ta eit val om å vera kristen kvar morgon, så må ein svara «ja» eller «nei». Det finnes ingen sentrumsparti i dette valet. Jesus vil gi oss evig liv, heilt gratis. Men me kan ikkje ta imot litt, me får leggja heile livet vårt i hans hender.

Ståle Hustoft

Redaksjonen avslutta: 3. september

redaktørens hjørne



Jazzmesse i Tysvær kyrkje

tekst: Lars J. Liknes/arkivfoto: Kristian Jørgensen

På Haugalandet er august månaden for jazz og jazz-tråden har og blitt teken opp med ein eigen vri i Tysvær kyrkje kvar august dei siste 14 åra. Søndagskvelden den 13.08. møttest igjen lokale musikarar i den årlege jazzmessa og sette blå tonar til songar frå både norsk og engelsk tradisjon. Messa har blitt eit populært arrangement og mange finn vegen for å få med seg nettopp denne litt spesielle kvelds-gudstenesta.

Eg har fått vore med på tangentar ved alle dei 14 jazzmessene som har vore sidan starten i 2003 og synes det er triveleg å halde denne tradisjonen ved lag. Det har vore veldig kjekt å vere med på og ikkje minst å merke at folk som kjem set pris på musikken og songen, sjølv om den gjerne er meir svingande og jazza enn ein vanlegvis høyrer i kyrkja. Eg hugsar at vi var litt nervøse første gongen, og lurte på om folk ville synast at dette var upassande, men vi har erfart at kyrkjelyden har vore positive og opne for både nye rytmar og melodiar. Jazzmessa har utvikla seg gjennom desse åra og har kvart år hatt noko nytt, men samstundes har vi og heldt på ein del. Det har veksla mellom tradjazz-låtar, gospel, negro spirituals og nye versjonar av norske folketonar, men alltid med fokus på at det skulle vere ei samlingsstund med allsong og fellesskap, ikkje ein konsert.

Vi har vore heldige som har fått med oss så mange flinke og positive musikarar på jazzmessa kvart år. I tillegg er forsongarar som er med og leier kyrkjelyden gjennom det musikalske noko som løfter ekstra. I år var det nokre som var debutantar, både på saksofon og song, medan andre byrjar å bli veteranar – noko som er akkurat som det bør vere.

I jazzmessa prøver vi å få til ei blanding av både engelske og norske tekstar og varierer litt på kva type songar vi vel, med noko eldre og noko nyare materiale. I år var det for fyrste gong med ein song frå Ghana, med afrikanske rytmer og eit litt anna språk enn det vi vanlegvis syng, men det fungerte flott. Vi hadde og med ein jazz-versjon av «Hvilken venn vi har i Jesus» og «Just a closer walk/Eg er svak, men du er sterk» som swingte godt. Ein av forsongarane er veldig glad i gospel og i år spelte vi til slutt ein versjon av gospel-låten «It's a highway to heaven» som han for anledningen hadde omsett til norsk. Den avslutta saman med instrumental-låten «I'll surrender all» årets jazzmesse i Tysvær kyrkje. Jazzmessa er og ei gudsteneste, men liturgien og opplegget blir noko annleis enn på ei vanleg høgmesse. I år kretsa Arne prest kring tankar om jazz, samspel og livspulsen i preika som handla om både improvisasjon, det å finne si rolle i samspelet og det å kjenne Guds puls i liva våre. Preik, saman med kyrkjetorg og nattverd, er kvart år med og skapar den gudstenestlege ramma rundt jazzmessa på ein fin måte.

Om alt går etter planen, blir det igjen jazzmesse i 2018 og då er det 15 år sidan vi hadde den fyrste jazzmessa. Det går rykter om at nokon av dei som var med og starta opp, kjem til å gjere comeback då. Det gler vi oss til og vi gler oss til igjen å få møtast til songglede, ettertanke og fellesskap med ein twist av jazz. Og sjølvsagt boller og kaffe etterpå!

Kyrkja i Tysvær og Bokn

Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn

Telefon*: 52 75 77 00

Internett: www.tysvaerkirken.no

E-post: kyrkja@tysver.kommune.no

Kyrkjekontoret for Bokn, Tysvær og Førresfjorden sokn

åpningstid: tirsdag, onsdag, torsdag og fredag, kl. 10 - 14

Sokneprest Arne Aurdal

Tysvær og Bokn sokn, Aksdal Kyrkje
Mobiltelefon: 93 415 402

Sokneprest Bård Egil Dyrhol

mobiltelefon: 982 42 073

Sokneprest Olav Kristian Tangeland

Mobiltelefon: 926 86 729

Kateket Marit Sofie Teistedal Vikre

mobiltelefon: 481 35 457

Diakon Kjersti Hjelmervik Lofthus

Aksdal Kyrkje, mobiltelefon: 48 891 427

Trusopplæring/Kyrkjenær

Leiar Kyrkjenær: Marit Sofie Teistedal Vikre
Medarbeidarar:

Nedstrand: Ingrid H. Landro
Tysvær: Marit Sofie Teistedal Vikre
Førresfjorden: Kari Undheim
Bokn og Førresfjorden: Greta
Skorpe Elverhaug
Telefon: 52 75 77 00*

Organistar

Johannes Støle, mob: 456 00 925
Stein Johannes Kolnes, mob. 909 18 088
Bergfrid Seibt, Tysvær kyrkje
Gunn Bergvold Larsen,
Bokn sokn tel.: 52 83 20 04

Kyrkjevevje

Tysvær kommune: Eva Birkeland
Mobiltelefon: 950 51 038
Bokn kommune: Jan Magne Moi
Mobiltelefon: 913 59 668

Kyrkjetonarar

Tysvær sokn: Ingebrigt Lundervold
Mobiltelefon: 404 11 889

Førresfjorden sokn:

Kenneth Hammarqvist mobil 474 54 748 og
Merete Hallelund Maudal mobil 959 61 359

Bokn sokn: Odd Grønnestad
Telefon 52 74 84 03

Nedstrand sokn: Eva Keller

Sjå på fuglane under himmelen

av Ingrid Hustoft Landro

på kyrkjebakken

Difor seier eg dykk: Ver ikkje urolege for livet, kva de skal eta, og kva de skal drikka, eller for kroppen, kva de skal kle dykk med. Er ikkje livet meir enn maten og kroppen meir enn kleda? Sjå på fuglane under himmelen! Ikkje sår dei, ikkje haustar dei, og ikkje samlar dei i hus, men Far dykkar i himmelen før dei likevel. Er ikkje de mykje meir enn dei? Kven av dykk kan med all si uro leggja ei einaste alen til livslengda si? Og kvifor er de urolege for kleda? Sjå liljene på marka, korleis dei veks! Dei strevar ikkje og spinn ikkje, men eg seier dykk: Ikkje eingong Salomo i all sin herlegdom var kledd som ei av dei. Når Gud kler graset så fint, det som veks på marka i dag og blir kasta i omnen i morgon, kor mykje meir skal han ikkje då kle dykk – de lite truande!

Matt 6,25 -30

Eg er ofte uroleg. For borna, for jobben, for huset, for veret, for rynkene, for dei grå håra, for familien.... Oftast for ting eg ikkje kan gjere noko med. Og eg veit at eg ikkje er aleine om det.

Fuglane under himmelen ser ut til å fly rundt utan ei einaste uroleg rynke i panna. Sjølv om vi veit at dei ofte kan vere i stor fare. Rovdyr, rovfuglar, menneske, ver og vind gjev dei aldri kvile. Likevel uroar dei seg ikkje. Det gjer eg.

Jesus ber oss sjå på fuglane på himmelen og lære. Når Gud tar seg av fuglane, vil han og ta seg av oss. Uavhengig av kva me kan få til med alt vårt strev, steller han med oss; tek oss inn i sitt famntak og varmar, nærer og roar oss. Uavhengig av alle våre feiltrinn og manglar held han oss tett inntil seg og kviskrar oss stille i øyra at me er dyrebare i Hans auge. I stormar og orkanar, når me kavar og rynkar panna og strir for å halde fast, grip Han oss med sikkert grep og ropar ut at Han elsker oss.

Om trua vår er lita er Han likevel trufast. Nåde.

Så lat oss lene oss tilbake. Vende blikket opp; på fuglane på himmelen, på dei uendelege høgdene og sola som alltid skin bak regntunge skyer. Regnbogeløftet gjeld fortsatt.

Herren sjølv skal gå framfor deg. Han skal vera med deg. Han sviktar deg ikkje og går ikkje frå deg. Ver ikkje redd og mist ikkje motet!

Minimessa på Stemnestaden

Lørdag 4. november, kl 11.00

Kl.11.00 Åpningsmøte

Andakt: Gjermund Lygre

Sang: Sola Gratia

Loddsalg, åresalg, Kafé m/salg av grøt, kaker mm

Varesalget starter etter møtet

Salg av nystekte potetkaker, hjemmebakket og andre varer

Kl.12.30 minikonsert

med Grinde skulekorps

Kl.13.30 Barne/familiesamling

Andakt: Solveig Eike Bringaker

Sang: Soul Children fra Misjonskirken i Skåredalen

Åresalg, loddsalg og hovedtrekning

Velkommen til samlingene, kaffekos og handel

AKSDAL BARNEKOR for deg som går i 1.-4.klasse!

- **Hvor?** Aksdal kyrkje
- **Når?** Hver onsdag kl. 17.00-18.00
- **Oppstart?** 30.august
- **For hvem?** Gutter og jenter i 1.-4.klasse
- **For hvem?** For alle som liker å synge!



Simenklubben høsten 2017

Sted: Kjelleren i Aksdal kyrkje

Tid: KL. 19.30-21.30.

Inngangspenger: 30 kroner. Ledsagere gratis. I tillegg til andakt/sang, lek /konkurranse spiser vi alltid et måltid sammen. Vi sørger for glutenfrie alternativ til maten når det trengs. Er det andre behov er det fint om vi får beskjed.

Høstens datoer:

11. september: Kveldsmat.

Levi - tolleren

Onsdag 27. september kl.17.30 deltar vi på Høsttakkefest i Norheim kirke, kveldsmat i menighetssalen etterpå. Ta kontakt ved behov for skyss.

16. oktober: Høstsuppe m/brød. Arbeiderne i vingården.

13. november: Kveldsmat. Jesus hos Marta og Maria

11. desember: Grøttest.

Weekender på Nesjatun (påmelding):

22. - 24. september: Weekend for unge voksne. Liv er med.

20. - 22. oktober: Weekend for voksne. Kjersti er med. (Weekendene arrangeres av Diakonistiftelsen Rogaland v/Sølvi Dahle. Deltagere fra hele Haugalandet)

Velkommen!

Hilsen Liv Tryti (tlf. 464 65 892) og Kjersti H. Lofthus (tlf. 488 91 427)

Mannstreff på Stemnestaden

20.-21. oktober blir det leir for mannfolk! Et døgn inkludert overnatting.

Her treffer vi nye venner og gjengangere. Noen optimister, noen pessimister og noen midt imellom. Vi diskuterer hverdagslige ting. Og vi blåser støvet av evige verdier. Vi deler vanskelige ting, og vi hjelper hverandre å se muligheter.

Dette kan bli en god helg! Petter Steen jr, Øyvind Fjeldheim, Leif Berge, Magne Kristoffersen, Karl Nærland m.flere blir med.

Info og påmelding til telefon 975 89 956.



GO'KVELD

i Aksdal kyrkje

onsdag 6. september kl. 19.30



Marta Fjeldheim

“Når livet butter imot”

- å leve med en alvorlig sykdom

Musikkinnslag

Servering av kveldsmåltid

Inngangspenger 150,-

VELKOMMEN!

Arr: Diakoniutvalget

Ein KyrkjeNÆR haust

Då er hausten i gong, sjølv om veret i skrivande stund liknar sommaren vi har lengta etter. Med semesterstart og nytt skuleår kjem og gjerne ny kalender, nye aktiviteter og eit behov for å fylle inn viktige datoar. Kyrkjønær er i rute. Konfirmantane har allerede starta opp i dei fleste sokna. Babysong er så smått i gong og det kontinuerlege arbeidet, som kor, klubbar, speidar og søndagsskular, startar desse dagar. Her kjem ei ufullstendig oversikt, følg i tillegg med i postkassa og annonseringar frå di lokale kyrkje. Les og noter:

September:

6.9: Oppstart av Etter Skoletid i Aksdal kyrkje. Sjå meir info på tysvaerkirken.no.
14.9: Oppstart babysong i Skjoldastraumen kyrkje, kl 10 – 12.
14.9: Oppstart småbarnssong i Skjoldastraumen kyrkje, kl 17.30 – 19. For 1 – 4 åringar. Song, lek og kveldsmat.
18.9: Misjonsdag for alle 4.klassingar frå Tysvær og Bokn. På Stemnestaden kl 8-15.30. Påmelding på tysvaerkirken.no.
24.9: Hausttakkefest i Aksdal, Nedstrand, Skjoldastraumen og Tysvær. Samlingar lokalt for 2.klassingane i forkant av desse gudstenestene.

Oktober:

1.10: Hausttakkefest Bokn kyrkje.
20.-21.10: Online-leir på Stemnestaden for alle 7.klassingane frå Tysvær og Bokn. Leir om nettvett og media. Påmelding på tysvaerkirken.no.

Babysong i Aksdal kyrkje kl. 10.00 - 11.30

Datoer for hausten:

30. august
6. september
13. september
20. september
27. september
4. oktober
18. oktober

Babysong i Skjoldastraumen kyrkje kl. 10.00 - 12.00

Fyste samling: 14. september

Babysong på Tysvær soknehus kl. 10.00 -12.00

Datoar for hausten:

Torsdag 14.september
Torsdag 28.september
Torsdag 19.oktober
Torsdag 26.oktober
Torsdag 2.november
Torsdag 16.november
Torsdag 23.november



19.10: Undretur i kyrkja for 3-åringar i Bokn sokn.
26.10: Undretur i kyrkja for 3-åringar i Tysvær sokn.

November:

11.11: Undretur i kyrkja for 3-åringar i Nedstrand og Skjoldastraumen.
12.11: Gudstenester med utdeling av Barnebibel til 4-åringane i Tysvær, Aksdal, Nedstrand og Skjoldastraumen. Samlingar i forkant av desse lokalt i sokna.
19.11: Gudsteneste med utdeling av Barnebibel til 4-åringane i Bokn. Samling i forkant.
17.-19.11: Konfirmantleir på Brandøy for konfirmantane frå heile Tysvær og Bokn.
Veke 47 og 48: Julekrybbeverkstad for 5-åringane i Nedstrand og Skjoldastraumen. To samlingar.

Desember:

1.-3. 12: Lys Vaken-arrangement for 6.klassingane, lokalt i sokna. Gudstenester i tilknytting til desse.
3.12: Lysmesser i Nedstrand, Skjoldastraumen, Tysvær og Bokn. Konfirmantane deltek.
6.12: Julevandring for 5-åringar, i Bokn kyrkje.
10.12: Lysmesse i Aksdal kyrkje. Konfirmantane deltek.

Julevandringar i Tysvær, Førresfjorden, Nedstrand og Skjoldastraumen skjer i samarbeid med barnehagane på ulike datoar i desember.



Vikarprest i Nedstrand sokn

av Ingrid Hustoft Landro

Du som er noko engasjert i kyrkjelivet i Nedstrand sokn har nok registrert at det har vore mange prestar innom soknet dei siste åra. Frå februar dette året har det derimot vore svært stabilt igjen. Olav Kristian Tangeland sitt ved roret. Kyrkjetonar har stilt han nokre spørsmål i håp om at lesarane skal få bli litt betre kjende med sin nye prest.

Han er 62 år, bur på Randaberg når han har fri, men når han er på jobb, bur han i hytta si i Grinde. Han er gift med Gunhild, og saman har dei 4 born og har alt rukke å bli besteforeldre til 4 barnebarn.

Olav Kristian har ei mangfaldig arbeidserfaring. Han byrja prestetenesta si som misjonprest i Kamerun i Vest-Afrika. "Den gongen hadde eg ansvar for evangelisering og kyrkjelydsbygging, og eg underviste og på presteskule og bibelskule," fortel ein engasjert Olav Kristian. "I Noreg har eg vore prest i Stavanger, arbeidd i administrasjonen i NMS, vore gravferdskonsulent, og kom tilbake til prestetenesta i 2015. Då byrja eg i Gildeskål utanfor Bodø og blei etterpå engasjert i Stavanger."

Kvifor kom du hit, og kva syns du om jobben din? spør me. "Eg blei spurt om å vere prostiprest i Haugaland prosti. Det takka eg ja til. Då det blei ledig i Nedstrand, blei det naturleg å ta imot den utfordringa. Eg trivst godt her. Det er mange utfordringar, men eg opplever og at eg blir svært godt motteken."

Olav Kristian må som andre ha fri av og til. Då går han mange turar med «Svartingen» (hunden sin). Han les ein god del og høyrer musikk. Elles veit alle som har hytter og hus at det er mykje handarbeid med det, så han har lite tid til å tvinne tommeltottar.

Konfirmanttur til Øvre Amdal

Sjølv om Dag Tormod Milje er i permisjon som sokneprest i Nedstrand sokn, tek han likevel hovudansvaret når konfirmantane i Nedstrand og Skjoldastraumen skal starta konfirmantåret med Of-pist weekend.

Surt og kaldt haustvær har blitt ein tradisjon på desse turane, men i år vart det opplett, sol og stjerneklårt.

foto: Dag Tormod Milje



Det som verkeleg er spennande, syns han, er å være i ei teneste der han stadig møter menneske. "Eg får dele evangeliet med dei og får lov til å vere med og åpne ei dør inn til fridom og tryggleik slik berre eit møte med Jesus kan."

Med slike store ord avsluttar Olav Kristian Tangeland spørjetimen vår, før han tek fatt på nye utfordringar og ein ny arbeidshaust i Kyrkja i Tysvær. Me ynskjer han Guds signing i arbeidet.





Bilete frå www.skruk.no

Nedstrand kyrkje:

150-års feiring blir innleia med SKRUK-konsert

av Arne Jon Myskja

2018 vil bli prega av at vi skal markere at kyrkja vår i Nedstrand fyller 150 år. Og for ei opning på jubileet! 9. februar klokka 21 inviterer vi til ei heilt spesiell musikkoppleving. Ei fullstappa kyrkje, eit kor med flotte songar og fantastisk klang og ein karismatisk dirigent som vil ta oss gjennom ei variert sang-reise. Dette vil du ikkje gå glipp av! Det blir ei stor oppleving.

SKRUK blei til i 1976 då Per Oddvar «Prots» Hildre, som framleis leier SKRUK, hadde dirigert eit lagkor på gymnaset i Volda i eit år. Ved slutten av skuleåret hadde medlemmane hatt det så kjekt at dei ville halde fram, sjølv om dei fleste skulle reise frå bygda. Det førte til at ideen om eit ungdomskor som møttest i helgar og drog på turne på sommaren blei lansert. Slik starta det som Sunnmøre KRistelege Ungdoms-Kor. Sidan det har Prots levd av å dirigere kor og er kjend over heile landet i alle slags kormiljø som ein «trollmann med kor». Det var også tittelen Oddgeir Bruaset, kjend frå tv-programmet «Der ingen skulle tru...», sette på boka han skreiv om Prots.

Koret har endra seg frå å vere ungdomskor til å ha ein god balanse med unge og godt vaksne songarar, totalt er dei nærare 50. Ein må gjennom krevjande opptaksprøver for å bli med i koret og medlemene bur over heile landet. Er du med i SKRUK bind du deg til faste helgar med øvingar og konsertar. Konserten i Nedstrand er starten på ei slik helg og koret skal vidare til Stavanger-området.

Men først vil dei gi alle oss som fyller Nedstrand-kyrkja den kvelden ei oppleving vi seint vil gløyme. Kjende og nye sangar, klangar som fyller kvar krok av kyrkja og rytmer og driv som riv oss med. Set av 9. februar i kalenderen din med ein gong!

Dette er berre starten, det vil seie: den verkelege starten blir midnattsmesse på nyttårskvelden. Det blir ein god måte å starte jubileumsåret 2018 på. Så blir det ulike og spennande arrangement gjennom året. Hovudfeiringa blir på pinsedagen. Då får vi besøk av biskop Ivar Braut og vi kopierer 125-års feiringa då folk vart invitert til å kome til kyrkje i klede frå den

Jubileumsbok - Nedstrand Kyrkje 150 år

Ettlysning gamle bilder

Under leing av professor Nils Olav Østrem blir det nå arbeid med jubileumsbok for Nedstrand Kyrkje. Vi ynskjer å belyse kyrkja sin plass i Nedstrand frå mange synsvinklar.

I samanheng med dette arbeidet ynskjer vi å få ein oversikt over kva som finnes av bilder knytt til kyrkja. Vi trur det er mange som har bilde frå kyrkjelege handlingar i familien. Til dømes frå dåp, konfirmasjon, vigsel eller gravferd. Det kan også vere frå møter eller samlingar i heimen eller på bedehus el.l.

Dersom du har bilder som du trur kan vere av interesse ynskjer vi ser gjerne å sjå dei i løpet av september 2017.

Desse er med i komiteen for jubileumsbok og kan kontaktast: Dagfinn Silgjerd tlf 46668894, Sissel L. Myskja tlf 41108181, Ingvild Myklebust tlf 91723618, Dag Tormod Milje tlf 934 15 401.

Vi vil behandle bildene med respekt og du vil sjølvsagt få dei tilbake.



tida kyrkja var bygd, og på den måten dei kom til kyrkja på den tida. Vi håpar folk skal kome både til fots, med hest og kjerre og roande.

Så er arbeidet i full gang med ny jubileumsbok om kyrkja. Den blir ei oppgradering av forteljinga om kyrkja si historie som Eli Ubøe Marvik skreiv i den flotte boka som kom til kyrkjejubileet i 1993. Denne boka vert lansert under BLEST-veka på hausten og vil innehalde ei samling artiklar om ulike tema knytta til kyrkja, ikkje berre historie.

Så følg med, snart vil det kome meir informasjon om feiringa. Soknerådet har sett ned ei arbeidsgruppe for jubileet: Marianne Losnegård, Ingvild Rørtveit, Åsne Breidablik Hustoft, Åge Baustad, Dag Tormod Milje og Arne Myskja. Vi gler oss til å lage eit godt jubileum og håpar programmet vert fristande for små og store, frå alle delar av kommunen vår!

Velkommen til søndagsskule!!

Me har lyst å invitera deg til søndagsskulen! Der høyrer me frå bibelen, syng, tenner lys og ber, har ulike aktivitetar, nokre gonger mat og så har me det kjekt ilag.

Nå har søndagsskulane tatt sommarferie, men du er kjempevelkommen på søndagsskulen når me startar opp igjen i haust!

Tysværåvåg søndagsskole
Førre søndagsskule
Aksdal kyrkje s.sk
Tirsdagklubben
Vatland søndagsskole
Stegaberg søndagsskole
Søndagsgjengen, Førland

kontaktperson Marit Mark
kontaktperson Hartvig Waage
kontaktperson Ellen Gjone
kontaktperson Jorunn Baustad
kontaktperson Anne Marie Leth
kontaktperson Marita E Havn
kontaktperson Kørner Høie

SØNDAGSSKOLEN Karmund-Sunnhordland krets
ks@sondagsskolen.no/ 95274976

Søndagsskolen Karmund-Sunnhordland krets



Velkommen til SØNDAGSSKOLE i Aksdal kyrkje



Høsten 2017

20. august	kl. 11	Søndagsskole
27. august	kl. 11	Søndagsskole
17. september	kl. 11	Søndagsskole
24. september	kl. 11	Gudstjeneste. Høsttakkefest. 2. klassinger deltar. Ikke egen søndagsskolesamling.
22. oktober	kl. 11	Søndagsskole
12. november	kl. 11	Gudstjeneste med utdeling av Bibel til 4-åringene. Ikke egen søndagsskolesamling.
26. november	kl. 11	Søndagsskole
3. desember	kl. 11	Gudstjeneste. Lys våken. 6. klassinger deltar. Ikke egen søndagsskolesamling.
17. desember	kl. 11	Søndagsskole

Søndagsskolen starter felles med gudstjenesten i kirkerommet. Etter hvert går barna til søndagsskolesamling i kjelleren. Her blir det bibelfortelling, sang, leker og aktiviteter. Har du spørsmål, ta kontakt med Ellen A. Gjone (41650633). Velkommen til søndagsskole!

#halvåtta

Torsdag 5. oktober

Kl. 19:30

Aksdal kyrkje


Gjest: Helge Pedersen fra
beredskapsteamet i PPT på Karmøy
Tema: Voksenrollen

Musikalsk innslag, kveldstanker,
god mat og sosialt fellesskap

Mer info kommer på facebook/hva skjer
i Førresfjorden menighet

Sett også av torsdag 16. november kl. 19:30.
Da blir det ny #halvåtta

Velkommen "Rundt samme bord"



Fredag 10. november kl. 19.00
på Soknatun i Hinderåvåg

Bli med på eit annleis NMS*-kvinnestemne
med fokus på kvinner og solidaritet!
Vi dekker opp til 70 kvinner og inviterer
til 3 retters festmåltid à la Dag Tormod,
350 kroner per kuvert.

Årets tema - prosjekt: Thailand
Alfhild Steinsbø Hauglid, NMS-misjonær i Thailand
formidler frå prosjektarbeid i spennande område.

Åresal-utlodning!

For meir info eller bindande påmelding innan 3. nov
Ellen Ellingsen 48294863 eller Jorunn Sande Baustad 91538395
NMS* = Det Norske Misjonsselskap

Bilder: Jorunn Sande Baustad

Aurdal på flyttefot

tekst Kjersti H. Bjerga

- Vi flytter ut av prestegarden i løpet av september og over i eget hus i soknet. Tanken er ikke å ga av ennå, men gjerne holde på et par år til. Uansett måtte jeg ut i forbindelse med pensjonering, forteller Arne Aurdal. Både Soknepresten og familien har trivdes svært godt i huset i de snart 24 år de har bodd i prestegarden i Tysvær. Det er den lengste tiden noen prest har bodd der!

Aurdal forteller også at prestegarden vil gjennomgå litt oppussing i tida som kommer.

- Huset er jo fredet. Det er Opplysningsvesenets Fond som eier prestegarden. De ønsker å opprettholde garden som prestebustad også i framtida. Imidlertid ble boplikten for prester opphevet for to år siden, så dermed er det ikke en plikt å bo i huset, men et tilbud til framtidige prester som kommer til Tysvær.



Arkivfoto: Tysvær prestegard.

Det var arkitekt Linstow (1787-1851) som på 1830-tallet laget en skisse av hvordan norske prestegarder kunne bygges og som denne er bygget etter. Han er og arkitekten bak slottet i Oslo og har tegnet skisser av hvordan norske kirker kunne se ut. Nærmere 80 kirker har sitt grunnriss tilbake til hans hånd, bl.a Tysvær kyrkje.



Her har Silva akkurat ankommet Norge og er klar for spennende oppgaver i ungdomsarbeidet i Førre og Aksdal.

Velkommen Silva!

av Asbjørn Erdal

- I går var jeg på Helgelandsfjellet og fikk se hele området jeg skal jobbe i. Her er jo en fantastisk flott natur rett utenfor stuedøra, sier Silva Truttenbach fra Baden-Württemberg i Tyskland. Hun er den nye ettåringen i KFUK/M i Førresfjorden menighet.

- Jeg trodde det var mye kaldere her, men jeg hadde ikke forventet så mye regn, smiler Silva. Hun skal være med i speiderarbeid og har begynt å gå turer for å bli kjent med den norske naturen. I tillegg skal hun være med i tensingkoret OneWay, Elvisklubb og ungdomsklubben.

- Hjemme i landsbyen der jeg kommer fra, har jeg vært mye med som leder i ungdomsklubber og konfirmantarbeid. Ungdomsarbeidet i menigheten vår hjemme vokste mye de siste årene, sier Silva, som også elsker riding og utendørssvømming.

- I dag plukket jeg tyttebær her, sier hun plutselig på norsk. For Silva har forberedt seg godt til Norgesoppholdet og fått et norskkurs på mobilen og YouTube filmer med norskopplæring på PC-en.

- Om en måned håper jeg at jeg kan snakke norsk, sier Silva optimistisk.

- Vi ser fram til at Silva skal komme i gang, sier Helene Sirnes som er fomann i Førre Aksdal KFUK/M og har tatt i mot Silva og introdusert henne til menigheten. - Nå håper jeg vi kan få et oppsving i ungdomsklubben vår, sier Helene, for det er mye kjekkere for ungdommene når det er en 19-åring som står i spissen for klubben, enn middelaldrende voksne.

- Nå skal jeg snart på introduksjonskurs for ettåringene i Norge, sier Silva, og etterpå flytter jeg inn i en leilighet hos Eldunn og Nicolai Østhus. Det gleder jeg meg veldig til.

- Ta godt imot Silva, sier Helene. Vi er kjempeheldige som får ha henne her et år!

Ein dedikert kunstnar i teneste for evangeliet

av Moise Ngayap



Dåpsklut frå Afrika til velsigning

Tekst og foto: Janne Eide

Dei ti siste åra har alle born som har blitt døpt i Nedstrand Sokn blitt tørka på hovudet med ein heilt spesiell og unik klut; nemleg ein batikduk laga av tekstilkunstnaren Marie Mefire Koul (eller Mama Marie som ho vert kalla) frå Kamerun i Afrika!
Kluten er laga av damaskstoff og handkolorert, og har eit duemotiv som er trykt på stoffet med ei treform laga av ein treskjærar.

Sundag 20. august blei vesle Lavrans døpt i Nedstrand kyrkje, og brødrene Julian og Emil var aktivt med. Dåpslyset minner oss om Jesus som seier: Eg er lyset for verda, og vi tenner det til minne om dåpsdagen. Dåpskluten minner oss om at vi er ein del av den verdsvide kyrkja, seier ofte presten. Duemotivet bringer oss tilbake til Jesu eigen dåp. Dåpsfamilien får lys og dåpsduk med seg heim.

MItt første møte med Mama Marie var i 1995 - då eg skulle kjøpe mi første flotte afrikanske festdrakt. Ei fargerik dame. I neste møte var ho kledd i svart - i sorg over å ha mista si einaste dotter.

Etter tradisjonen blei Marie allereie som 10 åring, etter si mor sin død, utpekt som ansvarleg for storfamilien (derav namnet Mama Marie) noko som krev at du stiller opp til hjelp ved både bryllaup og begravning.

Kvinna bak dåpskluten er altså ikkje noko kva som helst dame - så her får de høyre om Mama Marie - om hennar bakgrunn, virke og tankar om dåpskluten, ført i pennen av den kamerunske presten Ngayap Moise, nær ven og misjonær i Mali.

Både Marie og Moise har besøkt kyrkja i Nedstrand.

Marie Mefire Koul blei fødd i 1955 i Mayo-Darlé Mine, i Adamaoua provinsen i Kamerun. Ho blei døpt som baby og konfirmert i 1973 i den evangeliske kyrkja i Ngonsamba. Ho er idag medlem av den Luthersk evangeliske kyrkja i Kamerun (EELC). Marie blei enke i 1987. Hennar einaste dotter omkom i ei tragisk trafikkulykke, 15 år gamal.


I mange år lever Marie åleine, men takka vere eit stipend får ho reise til Senegal 1994-96 for å lære om søm, brodering og stoff-farging/batikk, og ho vert skolert til å kunne lage kunsttekstiler som aktiverer livet hennar. Som kvinne knytta til den kristne tru, tok Marie katekist-utdanning på bibelskolen på Meng. Ho vegleia mange unge i kyrkjelyden og tjente Gud i eldsterådet i kyrkja i mange år.

Med talent for leiarskap, vart så Marie leiar for «Kvinneres sosio-senter» i EELC i Meiganga, i 2,5 år. Frå 2004 til 2011 var ho kasserar i prosjektarbeidet CRADE (arbeid med akitektur- og kyrkjekunst, leia av Janne Eide). Idag bor Marie i Vest-Kamerun - der ho tar seg av foreldreause born.

Opplæring av unge jenter

Marie Mefire Koul er ein kristen kunstnar spesialisert på å skape liturgiske dukar, dåpsklutar, stolaer og prestekjortlar og - skjorter og andre ting til utsmykkinga av kyrkjer eller tilnytte i kyrkjelyden. Ho er ei kvinne som ser verdien av - og deler kunnskapen sin om broderring, søm og batikk. Marie sin draum var å sette opp ei yrkesopplærings-senter for unge kvinner; å lage kremer og såpe, dekorativ malekunst/batikk, farge og trykk av T skjorter. Marie bygde opp hus med eigne midler, starta opplæringa si - utan å skille på religiøs bakgrunn. Ho starta med broderi og strikking, og underviste i husstell og andre temaer som var viktig for unge kvinner å ha kunnskap om.

Men opplæringa stoppa etterkvart på bakgrunn av manglande ressurser, både pengar og utstyr for det det ho drøymde om å få til. Fast bestemt på å vegleie unge jenter, arbeider likevel Marie vidare i håpet om at ting skal gå bra ein dag.



Moise Ngayap, forfatteren av artikkelen, og kona Suzanne er misjonærer i Mali



Tener Gud og naboane med sitt kunstneriske talent

Marie Mefire Koul har alltid satt talentet sitt til disposisjon for Gud og naboane. Som medlem i kunstnargruppa «Vin'Art» fra år 2000 fekk ho utvikla talentet sitt gjennom utstillingar av kunst - både i kyrkjer og utanom. (I 2008 besøkte Marie Noreg i ei kunstnarutveksling med bla utstilling under kulturnatt i Haugesund. Dei vakre dukane hennar blir solgt i Galleri Open Port på Nedstrand Prestegard).

Dåpsduken

Dåpsklutane, Marie lagar og sender til Noreg gjennom sin samarbeidspartner og venn Janne Eide, spelar ei stor rolle i livet til den døypte. Dåpskluten eller duken, gjev oss høve til å gjenoppleve visuelt den bibelske og historiske hendinga i dåpen vår. Det er ei dyrbar gåve gjeven til den døypte frå kyrkja - for å minne han/henne om dåpsdagen; ei synleg symbol for dåpen.



Går du i 5.-8.klasse?
Lyst å lære mer om bibelen?
Eller ha ulike medleder oppgaver på søndagsskolen?



Bli med på SLUSH kurs!
I Skjold kyrkje
22.-23.september
2017

22. september 18.00 - 20.30
23. september 10.00 - 15.00
pris: kr. 200,-

Mer informasjon og påmelding innen 20. september: 952 74 976/ ks@sondagsskolen.no

bLEST og Råolje

av Ingvar Frøyland

I samarbeid med Førresfjorden Sokneråd vil det under bLEST Litteraturfest 20.-24.okt. vera eit arrangement i Førre kirke søndag 22.okt. kl.18.00.

Det blir ein kveld der temaet er «Alexander L. Kielland-ulykka». Det er gått 37 år og Marie Smith-Solbakken og Tord F. Paulsen i Stavanger står bak eit bokprosjekt om denne tragiske ulukka som krevde 123 liv.



Første boka om Kielland-ulykka frå Smith-Solbakken og Paulsen kom i 2016.

I 2016 kom første boka om Kielland-ulykka frå desse to. Der skriv dei om hendinga, etterspelet og hemmelighetane. No tidleg i haust kjem bok nr 2 «Råolje – Ringer i vannet».

Meir enn 250 personar som var berørte av Kielland-ulykka er intervjuar, fleire av desse frå Tysvær-/Førresfjordområdet. Både pårørande og personar knytt til kyrkje og skule i 1980 er intervjuar.

Førre var jo den bygda som vart hardest ramma.

Under arrangementet i Førre kirke samtalar Hartvig Waage med forfatarane av boka, det blir song av Hanne Vasshus som er ein dyktig profesjonell songar og organist Stein Johannes Kolnes framfører musikk på orgel.

Velkommen til eit fint og verdig arrangement.

Alpha i Tysværvåg

Finnes Gud?

Kan jeg tro når jeg tviler?

Finnes det håp for alle?

Har du ting du går og lurer på?



På Alpha er det lov å ta opp alle spørsmål. Vi samtaler, lytter til undervisning, spiser kveldsmat sammen og deler kveldens muntre historie. Har du lyst å bli med? Dette er også en ypperlig anledning til å bli kjent med flere i bygda.

Vi starter opp på Tysvær Soknehus onsdag 25. oktober kl 19.30. Så fortsetter vi ca annenhver onsdag gjennom vinteren. Vi ønsker påmelding, men du er velkommen til å bare møte opp de første gangene for å se om det er noe for deg.

Arrangør er en lokal komite i Tysvær Kyrkjelyd. Mer info: Kørner Høie, mobil 98216182

NMS misjonsmesse 2017

for Tysvær og Bokn

av Edvin Gjerde

Det er ennå ei stund til, men dagane går fort fram mot jul. Eit av dei sikre teikna på at det nærmar seg, er den årvisse misjonsmessa på Tysvær Soknehus.

Datoen du må merke deg er laurdag 17.november frå kl 11.00 til 15.00.

Årets messe er den 26. i rekka. Ein kan trygt seie at messa nå er vorte vaksen. Vona er at det vert fullt hus på soknehuset denne gongen og. Det blir tradisjonelt program.

Kafe med sal av graut og lapskaus., kaker og kaffi. Fine gevinstar. Diverse varer er å få kjøpt. Åresal.

Velkommen til ein fin dag.

Dama bak skranken

av Ingrid Hustoft Landro/red.

På kirkekontoret i Aksdal sitter ei vennlig sjel med navn Ann Margit Grønstad. Hun er vår forholdsvis ferske kontorfullmektig og KFUM/K – sekretær og gjerne ukjent for mange av Kyrkjetonar sine lesere. Det er på tide å bli bedre kjent med dama bak skranken. Redaksjonen sendte henne derfor noen spørsmål på mail og fikk følgende svar:

Hvem er Ann Margit?

Jeg er 35 år, forlovet med Kjell Magnar som er psykolog. Vi har 2 barn sammen, en gutt på 4 og en jente på 7 år. Jeg er opprinnelig fra Etne, mens mannen min er fra Ølen. Både jeg og mannen min har studert og jobbet i Bergen i 10 år, før vi i 2010 da vi fikk vårt første barn bestemte oss for å flytte nærmere besteforeldre i Ølen og Etne og endte opp på Vormedal. Der trives vi veldig godt.

Hva har du gjort før du kom til Kyrkja i Tysvær?

Jeg har gjort litt forskjellig. Jeg har erfaring med administrasjonsarbeid og har jobbet i resepsjon både på kontor og hotell. I tillegg har jeg jobbet som fri-lansjournalist og vikar i Haugesunds Avis og Grannar. Jeg er utdannet journalist, og har også en bachelor i kultur- og samfunnsvitenskap. Jeg liker godt å skrive, men synes også administrativt arbeid er voldsomt kjekt. Jeg tror fellesnevneren her er, om jeg skal si noe om mine to litt forskjellige yrkesvalg, at både som journalist og som resepsjonist kommer en i kontakt med mange ulike mennesker, noe jeg liker godt. Møte med mennesker, det er givende for meg, og også det å oppleve å være til hjelp for andre som resepsjonist.

Hvorfor kom du hit, og hva syns du om jobben din?

Jeg har tidligere jobbet som informasjonsarbeider i Haugesund kirkelige fellesråd. Der var jeg redaktør for «Folk og Kirke», samt nettsidene. Jeg var vikar der ca. et år, og jeg trivdes veldig godt med å jobbe i Den norske kirke. Derfor ble jeg svært glad da denne stillingen som kontorfullmektig på kirkekontoret i Tysvær dukket opp. Og jeg er veldig takknemlig for at jeg får jobbe her sammen med så mange kjekke og flinke medarbeidere! Jeg trives også godt med arbeidsoppgavene, som er varierte. En del av stillingen er også som KFUK- KFUM sekretær i Førre og Aksdal, og det er et veldig kjekt og spennende arbeid sammen med dyktige frivillige som står på og bygger åpne, trygge felleskap der barn og unge kan være seg selv, og der de blir utfordret til å stå opp for andre.

Hva gjør du på fritida?

Er sammen med familien, familietid er viktig! Vi er en del utendørs med barna, og driver blant annet med turorientering. Det er godt å komme seg ut litt. Ellers er hverdagene hektiske med barnas fritidsaktiviteter som bla. fotballtreninger og barnegospel. Om jeg har en stund for meg selv leser jeg gjerne en god bok, ser en film eller tar meg en joggetur.

Har du noen tankar om vegen videre, drømmer og visjoner du gjerne vil realisere, privat eller på jobben?

Vegen videre tror jeg blir veldig bra. Nå har jeg snart vært her ett år, og begynner å komme godt inn i jobben. Jeg håper og tror jeg kommer til å bli værende her en god stund. Det kommende året blir også veldig spennende, da Førre Aksdal KFUK -KFUM har fått en ny ettåring. Hun heter Silva Truttenbach og kommer fra Tyskland. Hun kom for et par uker siden og er allerede godt i gang med både å lære seg norsk og med KM arbeidet. Jeg tror hun vil være en flott ressurs for KM, og jeg tror vi kan få utrettet mye positivt sammen det neste året. Et av målene er å få KM Klubben opp og gå igjen, da vi ønsker at ungdommene her skal ha et godt og trygt sted og samles et par fredagskvelder i måneden.

Sånn på privaten er det akkurat nå travle dager med hussalg og flytting. Vi holder på å bygge nytt hus på Mykje rett ved skolen, så jeg ser frem til å komme på plass der i høst. Det er en drøm som snart er i ferd med å realiseres J

Kyrkjetonar takker og ønsker Ann Margit alt godt videre, både i jobb og privat.



Barne-og ungdomsarbeidet i Tysvær Sokn, hausten 2017

Småbarnstreff:

Onsdagar kl 10.30-12.15.Tysvær Soknehus.

Søndagsskule:

Ca 1 søndag pr måned. Tysvær Soknehus kl 11.00. Førland bedehus kl 11.00.

Barnekor:

Tysdagar kl 17.30-18.30 4 -12 år. Tysvær Soknehus. Oppstart 5.september.

Vårbod barneforening:

1 – 2 onsdagar pr måned kl 12.30.-14.00. Tysvær Soknehus. Born i skulealder.

Yngres:

Onsdagar kl 18.00. Førland Bedehus. 4.klasse og oppover.

Speidaren:

Måndagar kl 18.30-20.00,annankvar veke. Stifinnarar og Vandrarar.

Familiespeidar:

Ca ein søndag pr måned kl 12.30.

K/M-klubben:

(Annankvar laurdag) kl 20.00-24.00 Tysvær Soknehus. Frå 8.klasse.

KRIK:

Treningar på Tysværtunet for ungdommar.

Kyrkjenær:

- Babysong : 7 torsdagar kl 10-12. Tysvær Soknehus. Første samling14.september.

- Hausttakkefest 21. og 24. september for 2.klassingar. Invitasjon i posten.

Hvordan har du det...

EGENTLIG?

Krisetelefon 22 40 00 40
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no
SOS-Chat: www.soschat.no



Kirkens SOS

ET MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

Inspirasjonssamling for damer

På Stemnestaden

torsdag 14. september kl.19.30

Tema: Helt gratis

Sang/musikk: Synnøve Høie og Marianne Håvik

Tale: Solveig Eike Bringaker

God mat

Temakveld

på Stemnestaden

torsdag 16. november kl.19.00

Tema: "Noko å glede seg over"

Leiar i psykisk helse i Tysvær,Gunn Marit Lygre m.fl.deltar

Musikk

Heimebakst/te og kaffi

Arrangør: Førresfjorden menighet og Normisjon/
Fermate Haugalandet.

Stille kveld ved inngangen til advent

på Stemnestaden

torsdag 30. november kl.18.00-21.00

Velkommen til å vera stille, gå inn i ein Bibel-
forteljing, lytta til musikk og dela nattverd.

Velkommen til Lunsjtreff

Diakoniutvalget ønsker hjertelig velkommen til lunsjtreff i Aksdal kyrkje for eldre og andre som er hjemme på formiddagstid. Hver gang vil det bli servert en varmrett. Vi vil ha andakt og synge sammen. Utlodning.

Høstens program:

28. september:

Dag Arne Saltnes – Fra Tysvær til New Orleans

26. oktober:

Inger Målfrid Hovland: Mot til å gå vidare

30. november:

Andakt v/Arne Aurdal. (Program kommer etterhvert)

Tid: kl. 11.30 – 13.30

Inngangspenger: kr. 50,-



Facebookgruppa

Hva skjer i Førresfjorden menighet

er en gruppe for å dele informasjon om aktiviteter, arrangementer og andre ting som skjer i Førresfjorden menighet for familier og yngre voksne. Bli gjerne med!

Personalnytt

av Eva Birkeland og Jan Magne Moi

nytt frå kyrkjevevja

Ingrid Landro har permisjon som kyrkjetenar skuleåret 2017/18. Gunn Elisabeth Hellenen Ertenstein er vikar. Me ønskjer Gunn Elisabeth velkommen til teneste hos oss og ønskjer Guds rike signing over liv og teneste.

Greta Skorpe Elverhaug slutter i stillinga 30.september. Ho har frå august i 2011 vore familiearbeidar i Førrefjorden sokn og for ein periode i Nedstrand. På Bokn har ho vore kyrkjelydspedagog i Kyrkjenær. Me vil takke for flott innsats med born og familiar over mange år og ønske lykke til i ny stilling.

Ingebrigt Lundervold byrja i stillinga som kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar for over sytten år sidan. Etter travle år med arbeid både i kyrkja og kyrkjegardane takka han nå av i kyrkja. Me takkar han for stor innsats i den tenesta han har hatt hos oss, og ønskjer Guds rike signing vidare.



"Nytt" golv i Bokn kyrkje:

Biletet syner Reidar Alvestad som er på dugnad for å sparkle og male golvet i kyrkja. Målet er å bli ferdige til 50-årskonfirmantane deltek på gudstenesta. foto: Jan Magne Moi

Ka No? - Bokn KFUK/KFUM padlar igjen

av Merete Alvestad

Det beste mange boknarar veit er å vera på vatnet. Kanotur er då den ideelle leir for oss. 9.august sette me opp dei første gapahukane sør for Haugsjåsund og dagen etter starta turen nedover Nidelva mot Nelaugvatnet.

Turen vår vart ein dag forsinka på grunn av eit hysterisk regnver. Foldede hender gjorde nok utslaget, for me vart velsigna med eit fantastisk ver på når me først kom i gong. Nedover elva vart det overnatting under nesten open himmel på ein holme i ein foss, på eit nærmiljøanlegg med heilt ekte toalett og på ein sandbanke som minna om ei øy i Stillehavet.

Det var kjempestemning undervegs. Gode måltid i det fri, leirbål, leikar, overdreven snoping på Åmli, ord for dagen og for natta, spontane songutbrot blant padlarane – alt bidrog til ein mangesidig leiroppleving som er spikra i minnet for dei 22 små og 7 store som deltok.



Preiketekstane - hausten 2017

Søndag 10. september	14. søndag i treenighetstiden	Matt 20,1-16
Søndag 17. september	15. søndag i treenighetstiden	Matt 7, 24-28
Søndag 24. september	16. søndag i treenighetstiden	Mark 7, 31-37
Søndag 1. oktober	17. søndag i treenighetstiden	Joh 11, 17-29
Søndag 8. oktober	18. søndag i treenighetstiden	Matt 8, 14-17
Søndag 15. oktober	19. søndag i treenighetstiden	Luk 20, 45-21,4
Søndag 22. oktober	20. søndag i treenighetstiden	Joh 11, 1-5
Søndag 29. oktober	Bots- og bønnedag	Luk 13, 22-30
Søndag 5. november	Allehelgensdag	Matt 5, 1-12
Søndag 12. november	23. søndag i treenighetstiden	Mark 10, 28-31
Søndag 19. november	24. søndag i treenighetstiden	Matt 18, 1-6. 10 - 14
Søndag 26. november	Domssøndag/Kristi kongedag	Matt 25, 31-46
Søndag 3. desember	1. søndag i adventstida	Luk 4, 16-22a

Nedstrand Barneforening

har disse samlingane på Soknatun i haust:

Aldersgruppe: frå 1. klasse
Tidspunkt: kl. 12.45 – 14.30

13. september
4. oktober
1. november
15. november

Kyrkjeferien har basar

i Aksdal kyrkje
lørdag 28. oktober kl 15.00

Mange fine gevinstar og god mat.

Alle velkomne!

Me invitere til ei samling med felleskap, mat, andakt og song.

Søndagsøpe

på Soknatun

Hausten 2017

17. september kl. 19.00
1. oktober kl. 19.00
29. oktober kl. 16.00
19. november kl. 19.00

kveldsmøtene startar med kveldsmat kl. 19.00 og møte kl. 19.30

Velkommen

arr: Normisjon

Stell av gravplasser i Tysvær



Tlf: 93 21 66 79 / 52 75 88 60

Neste nummer kjem i postkassen ca. 10. desember

Frist for stoff til nr 4/2017: 17. november

Send reportasjar, informasjon, møtetidspunkt o.l. til redaktør Ståle Hustoft, Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand. e-post: hustoft@hustoft.net. Mob: 900 26 142

Gjennom livet

Døypte

Førre kyrkje

04.06 Marius Nepstad Jacobsen
Ludvik Johan Wee
Førre Tindeland
Lilly Marie Stakkestad
Nordeide
Jonathan Veim Førland
Elise Kristiansen
Solbjørg Gressgård
Jakob Lønning Ringstad
Elias Hølgersen Hovland
Maren Lindanger

Aksdal kyrkje

18.06 Henrik Hettervik Wathne
Emilie Våga
William Stangeland Lygre
Jonas Stangeland Lygre
Noah Vesterbekkmo
Søderlund
30.07 Tale Solstrand
20.08 Amalie Lønning Bjørge
Hanne Berentsen

Tysvær kyrkje

04.06 Victoria Tveit Runge
Alexander Nilssen
Amanda Westvik Knutsen
Eline Lindeland Haukås
06.08 Johanna Riise Leonsdottir
Heinesen
Tidemann Verner Baumgart
Jektnes

Bokn kyrkje

13.08 Daniel Sæbø Mæland

Nedstrand kyrkje

04.06 Viljar Svanevik Vaage
09.07 Odelia Mossefinn Skorpe
20.08 Lavrans Knutsen

Skjoldastraumen kyrkje

30.07 Herman Steensnæs
Kjellberg
20.08 Elena Maage Langelandsvik

Vigde

Aksdal kyrkje

20.05 Linn Dalen
og Ole Martin Andersen
27.05 Anette Strand
og Bernt Olav Nådland
18.06 Lise Pedersen
og Vegard Våga
25.08 Randi Synnøve Grinde
og Oddvar Johan Susort

Førre kirke

10. 06 Siv Kristin Myge
og Anders Skogøy Wiik
17.06 Mariell Bratthammer
og Ole Jakob Kvamme
Jenny Solem Vikra
og Hans Christian Leite
24.06 Miriam Lervåg
og Max Hallquvist
08.07 Camilla Bringedal
og Jan Ove Nielsen
29.07 Magda – Lovise Tendal Steiro
og Rico Lupus
05.08 Camilla Robberstad
og Thomas Hovland
19.08 Ane Elin Østhus
og Morteza Esmaeili

Tysvær kyrkje

20.05 Lene Romseland
og Geir Gressvoll
03.06 Asbjørg Judith Stråtveit
og Jan Terje Mørk
24.06 Janne Helen Rikstad
og Eirik Antonsen
01.07 Luzie Gedick
og Tommy Stokka
12.08 Merete Hesthammer
og Jahn Otto Kallevik

Bokn kyrkje

17.06 Veronika Sæbø
og Terje Askeland
01.07 Silje Eide
og Aksel Vierdal

Nedstrand kyrkje

08.07 Emilie Eliassen Medhus
og Oddbjørn Jensen

Skjoldastraumen kyrkje

03.06 Elise Vikshåland
og Helge Lilleskog
08.07 Evelyn Nårstad
og Stian Bjelland

Jordfesta

Førre kirke

28.07 Alf Birger Sand
08.08 Astrid Malene Valen
22.08 Stig Erik Andersson

Tysvær kyrkje

18.05 John Berger Hettervik
20.07 Berit Amanda Grinde
04.08 Ingvald Bakken

Nedstrand kyrkje

07.06 Tore Sandsgaard
04.07 Bernt Johannes Pedersen
18.08 Harald Vik

Skjoldastraumen kyrkje

09.06 Jan Ivar Håland
22.06 Borgny Selvåg
30.06 Milly Gaupås
02.08 Karl Birger Halleland
09.08 Gotskalk Audun Myklebust
11.08 Bjarne Ørke

Bisetting

17.08 Jostein Stakland

Velkommen til kyrkje



Aksdal kyrkje

24. september kl.11.00
Gudsteneste. Høsttakkefest.

08.oktober kl.11.00
Gudsteneste

22.oktober kl. 11.00
Gudsteneste

29.oktober kl. 18.00
Felles gudsteneste i Vår Frelzers kirke.
Reformasjonsjubileum

12.november kl. 11.00
Gudsteneste. Utdeling av 4- års bibel.

26.november kl. 11.00
Gudsteneste

03.desember kl. 11.00
Gudsteneste. Lys våken.

Tysvær kyrkje

24.september kl.11.00
Gudsteneste. Høsttakkefest.

08. oktober kl.13.00
Gudsteneste

22.oktober kl.11.00
Misjonsgudsteneste

29.oktober kl. 18.00
Felles gudsteneste i Vår Frelzers kirke.
Reformasjonsjubileum

05.november kl. 19.00
Gudsteneste

12.november kl. 11.00
Gudsteneste. Utdeling av 4 - års bibel.

03.desember kl. 11.00
Lysmesse

Skjoldastraumen kyrkje

24.september kl. 11.00
Gudsteneste. Høsttakkefest.

08.oktober kl. 13.00
Gudsteneste

22.oktober kl. 11.00
Gudsteneste

29.oktober kl. 18.00
Felles gudsteneste i Vår Frelzers kirke.
Reformasjonsjubileum

05.november kl.13.00
Gudsteneste

12.november kl.13.00
Gudsteneste. Utdeling av 4-års bibel.

03.desember kl. 19.30
Lysmesse

Førre kirke

01.oktober kl. 11.00
Gudsteneste

29.oktober kl. 18.00
Felles gudsteneste i Vår Frelzers kirke.
Reformasjonsjubileum

05.november kl. 11.00
Gudsteneste

Nedstrand kyrkje

24.september kl.13.00
Gudsteneste. Høsttakkefest.

08.oktober kl.11.00
Gudsteneste

22.oktober kl. 13.00
Gudsteneste

29.oktober kl. 18.00
Felles gudsteneste i Vår Frelzers kirke.
Reformasjonsjubileum

05.november kl.11.00
Gudsteneste

12. november kl. 11.00
Gudsteneste. Utdeling av 4-års bibel.

03.desember kl. 17.00
Lysmesse

Bokn kyrkje

01.oktober kl.11.00
Gudsteneste. Høsttakkefest.

15.oktober kl. 11.00
Gudsteneste

29.oktober kl. 18.00
Felles gudsteneste i Vår Frelzers kirke.
Reformasjonsjubileum

05.november kl. 11.00
Gudsteneste

19.november kl. 11.00
Gudsteneste. Utdeling av 4-års bibel.

03.desember kl. 18.00
Lysmesse